

# Fosnavåg sitt bidrag til Aasen-musikal



Kim Reidar Tvedt (16) er grunnkurselev ved media og kommunikasjons-linja ved Volda vidaregåande skule. Grunnkurs-klas-sene lagar i desse dagar medieprodukt til musika-len som musikklinja ved skulen skal framføre 17. februar ved Volda Sam-funnshus. Dette har Kim Reidar fått i oppgåve å dokumentere.

Media og kommunikasjons-klas-sene lagar program til framsyninga, avisartiklar, plakatar, annonser, biletatar, radioprogram, vevsider, og mykje meir. Det å dokumentere arbeidsprosessen til medie-grup-pene er nytt, tidlegare har det kun vore vanleg å dokumentere arbeids-prosessen til musikklinja. Han likar veldig godt å arbeide med dette, og

tykkjer også det er kjekt å gå på skule i Volda.

- Det er eit veldig godt miljø her. Her er det ingen som skubbar deg unna, seier Kim Reidar lystig.

## Gode erfaringar

Før Kim Reidar begynte i Volda, var han heilt blank på musicalane til skulen. Men med arbeidet knytt til musicalen "Grammatikk og kjærliek" av Astri Eidset Rygh som no skal oppførst, har han fått god kunnskap om oppsetjing av musikalar og korleis musikklinja arbeider. Arbeidet i startfasa gjekk seint. - Det var mykje planlegging til korleis ein skulle jobbe med musicalen og korleis ein skulle uttrykkje seg, seier Kim Reidar. I ettertid har dei fått begynne meir og meir på sjølve produkta. Sjølv meiner Kim Reidar at ein ikkje jobbar så utruleg effek-tivt av og til, men arbeidet er hardt. Aller best likar han å bli kjend med fleire elevar og å samarbeide med den andre grunnkurs-klassen på media. Gruppene er avhengige

av godt samarbeid for å få musika-len til å fungere, det er eit stort prosjekt. Samarbeidet mellom både mediegruppene og musikkgruppene er godt, med litt småerting innimel-lom, rapporterer Kim Reidar.

## Tilrår medie-linja

Han tilrår medie-linja ved Volda vidaregåande skule på det aller ster-kaste, men frårådar folk som trur det er ei "data- og underholdnings-linje".

- Det er enkelte perioder då det er veldig mykje stress på skulen, men vi får mykje igjen for det arbeidet vi gjer, seier han.

Årsaka til at Kim Reidar går på media er hans store interesse på film.

- Dessutan har eg alltid vore inter-essert i media. Ein får generell stu-diekompentanse av å gå på media, i tillegg lærer ein ting på ein interes-sant og utradisjonell måte, du blir ført inn skikkelig inn i temane som du lærer

## Lengtar heim til Fos-na-våg

Enkelte gonger når Kim Reidar er på skulen, lengtar han heimatt til Fosnavåg, maten til mor og Milano-pizzaen.

- Det er klart at eg saknar å vere heime av og til, men kvar morgen når eg står opp, gler eg meg til å dra til skule. Vi har mange morsomme stunder her, seier han. Det er tydeleg at han tykkjer det er eit godt miljø på skulen i Volda. Han er glad for at mykje av undervisninga foregår under pro-sjekt, han meiner det gjer skuleda-gen kjekkare, samtidig som det blir enklare å lære.

Stein-Ivar Gamlem  
1MK1, Volda vgs